



Leif Arne Loen
6789 LOEN

Vår saksbehandler: Stian Hangaas
Telefon direkte: 98261644
Vår dato: 4. juni 2012
Vår referanse: 200804324-63/603/SHA

Deres dato:
Deres referanse:

Vedtak om endring av konsesjonsvilkårene for Loen helikopterplass, Tyvaneset

Vi viser til søknad av 24. januar 2012 frå Leif Arne Loen, om endring av vilkår nr. 2, fjerde ledd i konsesjon til å inneha og drive Loen helikopterplass, Tyvaneset.

1. Bakgrunn

Konsesjon til å inneha og drive Loen helikopterplass, Tyvaneset ble gjeve i vedtak datert 18. juli 2009. I konsesjonsvilkåras nr. 2 fjerde ledd er det bestemt at:

“Landingsplassen kan brukes hele året med følgende åpningstider: mandag til fredag, kl. 0800-2030, lørdag og søndag, kl. 1300-2030 med mindre det fastsettes operative restriksjoner gjennom en eventuell teknisk/operativ godkjenning, jf. luftfartsloven § 7-11.”

Det følger av søknaden at det er ønskelig med utvida opningstider på kvelden for å kunne ta unna turistbussgrupper. I helgene er det ønskelig å kunne starte tidlegare enn fastsett for å kunne ta unna trafikk i forbindelse med anløp av turistskip. På denne bakgrunn er det søkt om at opningstidene endras slik:

Måndag til fredag:	0800 – 2030	ny tid: 0800 – 2130
Laurdag:	1300 – 2030	ny tid: 0800 – 2130
Søndag:	1300 – 2030	ny tid: 1200 – 2130

2. Høyringa

Søknaden ble i brev datert 28. mars 2012 sendt på høyring til Stryn kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kommunen og fylkesmannen har gjeve fråsegn til høyringa.

Fylkesmannen har gjeve fråsegn i brev datert 14. mai 2012. Luftfartstilsynet skjønner fråsegna slik at fylkesmannen ikkje har konkrete innvendingar til søknaden. Det uttales likevel i brevets siste avsnitt at:

“I arealdelen til kommuneplanen er Tyvaneset vist som helikopterlandingsplass. Vi ser det difor som positivt at helikopteraktiviteten i Stryn kommune blir konsentrert på denne staden. Det må likevel gjerast ei vurdering av om ei utviding av flygetida vil føre til urimeleg store støyplager for naboane til helikopterplassen. Fylkesmannen vil anbefale

at støyproblematikken blir nøye vurdert før det blir gjort ei avgjerd om endring av konsesjonen.”

Stryn kommune har i e-post datert 18. mai 2012 sendt over møtebok frå formannskapetets møte den 16. mai 2012 under sak FO 081/12. Frå møteboka siteras:

“Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune støttar søknaden om endring av konsesjonsvilkår for Loen helikopterplass, Tyvaneset på desse punkt:

- Flygetid på kvardagar vert frå kl 0800 til kl 2130.
- Flygetid på laurdagar vert frå kl 0800 til kl 2130.

Av omsyn til aktivitetsområde for barn og unge i Lovik tilrår vi ikkje at flygetida på søndagar vert utvida med to timar.

Handsaming i Formannskapet 16.05.2012.

FO-081/12 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.”

Det vises utover dette til møteprotokollen i sin heilhet.

3. Luftfartstilsynets vurdering

Alle som vil anleggje, drive eller inneha ein landingsplass skal som hovudregel ha konsesjon, jf. luftfartsloven § 7-5 første ledd. Ifylgje luftfartsloven § 7-6 skal konsesjon bare gis når det er “forenlig med allmenne hensyn”.

Loen helikopterplass, Tyvaneset er meint å være ein sentral (hovud)helikopterplass i Stryn kommune for å unngå mange spreidd plasserte landingsplasser i kommunen. For å kunne tene denne funksjonen må landingsplassen være underlagt eit vilkårsregime som tillater plassen å tene funksjonen. Dette gjeld både opningstider og trafikkmengde.

Opningstidene som ble bestemt 18. juli 2009 var i tråd med søknaden som da var til handsaming. Den seinare støyberekninga i medhald av Miljøverndepartementets retningsline T-1442 bygger på dei bestemte opningstidene. Vidare bygger berekningane på en føresetnad om at ca. 15% av trafikken vil skje på kveldstid (etter kl 19:00). Det vises i denne samanheng til Sintef rapport A15365, datert 22. mars 2010, side 11 andre avsnitt.

Dersom opningstidene utvides i samsvar med søknaden, samtidig som kveldstrafikken må holdas innafor 15% av tillat trafikkomfang, vil ikkje endringa ha nokon innverknad på støyberekningane som er gjord. Trafikken, med tilhøyrande støybelastning, vil da ligge innafor rammene av det som ble godkjend i konsesjonen av 18. juli 2009. Fylkesmannens kommentarar er soleies tatt i vare, og Luftfartstilsynet kan ikkje sjå at det er grunn til å krevje noko ny støyberekning.

Ovannemnte tas i vare ved å endre pkt. 2 fjerde ledd i konsesjonsvilkåra slik:

“Landingsplassen kan brukes hele året med følgende åpningstider: mandag til lørdag, kl. 0800-2130, og søndag, kl. 1300-2030 med mindre det fastsettes operative restriksjoner gjennom en eventuell teknisk/operativ godkjenning, jf. luftfartsloven § 7-11. Kveldstrafikken (fra kl 1900-2130) skal begrenses til 15% av tillat trafikkomfang etter tredje ledd.” (Endringar i kursiv).

4. Vedtak

På bakgrunn av ovannemnte vurderingar og med heimel i luftfartsloven § 7-6, forskrift om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1) § 17-2 og gjeldande konsesjonsvilkår nr. 5 andre ledd, finner Luftfartstilsynet at det er “forenlig med allmenne hensyn” at konsesjonsvilkår nr. 2 endras slik:

“Landingsplassen kan brukes hele året med følgende åpningstider: mandag til lørdag, kl. 0800-2130, og søndag, kl. 1300-2030 med mindre det fastsettes operative restriksjoner gjennom en eventuell teknisk/operativ godkjenning, jf. luftfartsloven § 7-11. Kveldstrafikken (fra kl 1900-2130) skal begrenses til 15% av tillat trafikkomfang etter tredje ledd.”

Dette vedtaket kan klages på til Samferdselsdepartementet innan tre ukar frå underretninga ble motteke. Ein eventuell klage sendes Luftfartstilsynet. Dersom vedtaket ikkje gjerast om av Luftfartstilsynet, vil klagen bli sendt over til Samferdselsdepartementet. Vi viser til vedlagde klageskjema.

5. Gebyr

Det skal betales gebyr for behandling av søknad om endring av konsesjonsvilkår. Gebyret vil bli fakturert med kr 6 440,-, jf. forskrift 2011-02-18 nr 185 om gebyr til Luftfartstilsynet mv. § 41 fjerde ledd.

Med vennlig hilsen

Wenche Olsen
avdelingsdirektør
flyplass- og flysikringsavdelingen

Jørn E. Seljeås
seksjonssjef

Vedlegg: 2

Kopi: Samferdselsdepartementet, Postboks 8010 Dep, 0030 Oslo
Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 Stryn
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger